

# Møteinnkalling

---

<b>Utval:</b>	<b>Folgefonna nasjonalparkstyre</b>
<b>Møtestad:</b>	Litteraturhuset i Odda
<b>Dato:</b>	06.12.2021
<b>Tidspunkt:</b>	12:00 – 17:30

---

Forfall må meldast så snart som mogleg på e-post:  
[astrid.bakke.haavik@statsforvalteren.no](mailto:astrid.bakke.haavik@statsforvalteren.no) eller på telefon: 40904341.  
Vararepresentantar får kopi av innkallinga og møter etter nærare beskjed.

Alle delegerte vedtak ligg ute på: [www.miljovedtaksregisteret.no](http://www.miljovedtaksregisteret.no).

## Program

### 12.30 -14.00 Styremøte med planlegging med SNO

### 14.00 - 16.30 Fagleg rådgjevande utval med styret

*14.00-14.30 Folgefonna nasjonalpark - kva gjer styret og kva kan rådgjevande utval bidra med?*

Ved forvaltar og styreleiar

- Styret, samansetning, mandat og funksjon
- Dagleg arbeid i styret
- Mål og visjonar

*14.30-15.30 Kva gjer vi egentleg i verneområda?*

- Årsrapport frå Folgefonna ved SNO og forvaltar - 15 min
- 10 min pause mens vi riggar digitale føredrag
- Geologi i Jostedalsbreen nasjonalpark - 15 min
- Partnerordninga i Raet nasjonalpark - 15 min

*15.30-16.30 Kommunikasjonsplan*

- Status og innlegg ved naturvegleiar og forvaltar 15 min
- Gruppeoppgåve 20 min
- Oppsummering av gruppeoppgåve og avslutning

### 16.30 - 17.30 Middag: Juletapas

**For dei som skal sende reiserekning og krevje møtegodtgjersle:**

Først må du registrere deg via denne lenka:

«Skjema for registrering av mottakarar som skal ha godtgjering»

<https://fmsffmedocvwr.fylkesmannen.no/edocument.viewer/fylkesmannen/eksterne>

Den enklaste måten å registrere møtegodtgjersle og reiserekning er gjennom appen «DFØ-app»

*For hjelp til dette, sjå: «Selvbetjening for honorarmottakere»*  
<https://dfo.no/kundesider/lonn/selvbetjening-for-honorarmottakere>

## Saksliste

Saksnr	Innhald	Arkiv-saksnr
ST 37/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden	
ST 38/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen	
ST 39/21	Framlegg - Bygge plattung foran hytte - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra – Mauranger - Folgefonna nasjonalpark	2020/12904
ST 40/21	Oppdatering av løyve til bygging av tursti rundt Hattebergfossen - Folgefonna Nasjonalpark	2020/11008
ST 41/21	Søknad om tiltaksmidlar 2022	2021/607
ST 42/21	Søknad om midlar til drift av styret for 2022	2021/607
ST 43/21	Planlegging av ressursar frå Statens naturoppsyn for 2022	2021/607
ST 44/21	Referatsaker	
ST 45/21	Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområde i Folgefonna nasjonalparkstyre	2021/607
RS 11/21	Rapport om droneflyging - Flyging med drone for tilsyn av sau - Vetle Laurdal , Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark	2021/5815
ST 46/21	Delegerte saker	
DS 25/21	Delegert vedtak - Utviding av løyve til gjennomføring av tiltak på Brufoss - Statkraft- Bondhusdalen landskapsvernområde	2019/1110

**ST 37/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 38/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**



Arkivsaksnr: 2020/12904-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	39/21	06.12.2021

## Framlegg - Bygge platting foran hytte - Folgefonna nasjonalpark - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3 b*), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Ronny Kroka løyve til oppføring av trapp og platting på Tveitnessetra – Furebergsdalen.

For løyve gjeld følgende vilkår:

- Trapp og platting skal ikkje overstige eit areal på 3 meter langt og 2 meter breidde, pluss trapp.
- Plattinga skal følgje høgda på hytta.
- Byggeavfall skal vera rydda og fjerna innan 1. desember 2022.

### Saksopplysningar

Etter brann i eit sel på Tveitnessetra fekk grunneigar ved ansvarleg søkjar Botakst AS løyve til oppføring av ei ny hytte, med vedtak i Folgefonna nasjonalparkstyre 05.10.2020. Løyvet var gitt med vilkår om at alt byggeavfall skulle ryddast og fjernast innan 1. desember 2020.

Ved synfaring av hytta 20.05.2021 vart det oppdaga at det framleis var byggematerialar lagra utanfor hytta. Det var også sett opp ei mellombels trapp foran døra. Fargen på hytta samsvarer ikkje med teikningane som vart sendt inn i søknaden om byggeløyve.

Forvaltar kontakta grunneigar og opplyste om at vilkåra i løyvet frå styret frå 5. oktober 2020 ikkje var overhalde. Grunneigar ville då søkje om å setje opp ein platting og trapp foran døra.

---


Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



## Søknad

Grunneigar og eigar av selet på Tveitnesetra søker i epost datert 18. november 2021 om å bygge trapp og plattform på selet.

Søklar vil bygge ei trapp for å få tilkomst til hytta, då døra er om lag ein meter over bakkenivå. Søklar meiner dette må ha vore gløymt av arkitekten i byggeteikningane, då døra er høgt oppe på vegg. Søklar vil bygge ein plattform på 3 x 2 meter. Plattformen skal byggast i impregnert treverk, umalt, og vere utan rekkverk. Søklar tenkjer å bygge plattformen i løpet av 2022. Teikningane under viser kor plattformen er tenkt plassert på dei originale byggeteikningane.





Bygget frå vest.

## Vurdering

Utgangspunktet er at alle byggetiltak er forbode i nasjonalparken, jf. verneforskriften § 3, punkt 1.1. Ved brann eller liknande kan nasjonalparkstyret gje løyve til:

« 1.3 Forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

b) Ny oppføring av bygningar som går tapt ved brann eller anna naturskade. Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med tradisjonell byggeskikk og vere tilpassa landskapet».

I forvaltningsplanen er det peika på at det bør utarbeidast retningslinjer for kva som kan reknast som tradisjonell byggeskikk i området. Det er i dag ikkje utarbeida slike retningslinjer. For kulturminne er det vist til at fylkeskommunen sine råd om tradisjonell byggeskikk skal leggest til grunn.

Tiltak skal i tillegg vurderast i høve til reglane gitt i Naturmangfaldlova § 8-12.

## Vurdering

Tiltaket eit tilbygg til ei hytte bygd opp i 2020. Kunnskapsgrunnlaget er vurdert til å vera godt nok for å vurdere effektane av tiltaket. Tiltaket er vurdert til å ikkje ha konsekvensar for naturmangfald eller vera i strid med føremålet med vernet.

Nasjonalparkstyret kan med heimel i verneforskrifta vedta å opne for oppattbygging av stølshus som er gått tapt i brann. Generelt vil ein setje eit vilkår om at bygget vert oppført i tradisjonell byggestil og at det ikkje er gjort større endringar i størrelse eller utsjånad. Det vart



gitt løyve til å bygge opp att selet i vedtak frå 05.10.2020. Det opphavlege selet hadde ikkje platting foran døra, men på grunn av heving av hytta i terrenget er det naudsynt med ei trapp eller platting for å lette tilkomsten. Forvaltar ser difor søkjar sitt behov for ei platting/trapp. Då det allereie er sett opp eit nytt bygg på plassen, meiner forvaltar at ein trapp ikkje vil føre til nemneverdig større inngrep. Det er ført ein streng praksis når det gjeld plattingar og terassar rundt hytter i nasjonalparken og særleg på bygg som står i eit gammalt stølslandskap. Det er eit aukande ønskje frå hytteigarar å ha meir plattingar, men dette vil endre stølsmiljøa og kan ikkje reknast som tradisjonell byggeskikk. Når det er behov for ei trapp er det viktig at dette løysast på ein måte som ikkje skapar unødig presedens for andre tilsvarande søknader i framtida.

Det bør leggest til grunn ein restriktiv praksis når det gjeld endring av fasader og utsjånad på bygg i nasjonalparken. Forskrifta legg opp til at alle bygg skal vere tilpassa landskapet og tradisjonell byggeskikk. Biletet under frå Vatnastølssetret viser korleis hytte og platting er tilpassa desse retningslinene. Det bør vurderast om både platting og hytte skal malast i ein farge som gjer at han glir meir inn i omgjevnadene enn den fargen som er i dag.







Arkivsaksnr: 2020/11008-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 22.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	40/21	06.12.2021

## Løyve - Oppdatering av løyve til bygging av tursti rundt Hattebergfossen - Folgefonna Nasjonalpark - tursti Hattebergfossen - bygging av turvei - utsiktspunkt

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre opprettheld sitt vedtak i ST 37/20 der vi ga løyve til opparbeiding av gangveg og tursti, jf. forskrift om vern av Hattebergdalen landskapsvernområde § 3, punkt 1.3 g). Etter oppdatering av prosjektplan og endeleg stikk av stien og endra skisser for plass ved Kalvatrebrua.

For løyve gjeld følgande vilkår:

- Søknad datert 06.07.2020 og prosjektskildring frå arkitekt Lars Berge datert 05.05.2021 skal leggst til grunn når det gjeld landskapstilpassing og utforming av gangveg og andre tiltak i tilknytning til prosjektet
- Vegstrekke frå Kalvatrebruo og ned til grense for landskapsvernområde skal i breidde og utsjånad framstå som ein gangveg etter ferdigstilling og gjengroing.
- Fosseplassen skal utformast i samråd mellom grunneigar og Baroniet Rosendal
- Løyve gjeld i inntil 10 år frå vedtaksdato. Nasjonalparkstyret kan gje forlenging av denne fristen.

### Saksopplysningar

Folgefonna nasjonalparkstyre ga løyve til bygging av tursti i vedtak 37/20, 24. september 2020. I etterkant av dette vedtaket har det vore fleire endringar i prosjektplanen og endeleg

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen

trasé på vegen har vorte endra noko. Forvaltar har vore på synfaring med søkjar, grunneigarar og entreprenør på heile traseen. Difor vurderte forvaltar det slik at det var best at styret fekk ta stilling til dei endringane som er gjort i planen og oppdatere løyvet.


Dokument i saka

- Oppdatert prosjektplan for tursti Hattebergfossen, frå 05.05.2021
- Skisse frå utforming av snuplass ved Kalvatrebrua
- Oppmålt trase og profiler av Fanagro

## Vurdering

### Vegen Fossberg-Kalvatrebrua

- Breidde på veg endra frå 2,4 til 3,4 meter i prosjektskissa. Eksisterande veg er stort sett 3 meter brei. Det er behov for å auke breidda noko for å lette framkomme for traktor med møkavogn.
- Rydningsrøys ved elva skal brukast til massar for å heve vegen for å lette framkomme med traktor til Kalvatrebrua.
- Det er også ønskje om å lage ein snuplass rett nord for rydningsrøysa



Figur 1 : Raud ring viser rydningsrøys som søkjar vil nytte til å jamne ut vegen. Gul firkant viser tenkt plassering av snuplass.

Vegen mellom Fossberg og Kalvatrebrua går mellom dyrka mark og innmarksbeite og det vil ikkje vere noko problem om han vert utvida på enkelte punkt for å gjere plass til ein møkavogn. Forvaltar ser heller ikkje at ein snuplass vil vere problematisk for verneverdiane i området.

Forvaltar har ikkje kunnskap om kor tid rydningsrøysa ved Kalvatrebrua er i frå, men det er truleg ei røys som er laga i samband med oppdyrking av feltet som ligg nordaust for røysa. Det er delvis attgrodd. På toppen er det mest små stein og større steinar nedover i røysa. Forvaltar vurderer det til å vere lite verdi i å ta vare på røysa slik han ligg i dag og tenkjer det


kan vere lurt å nytte massane til vegen, for å nytte stadeigne massar i staden for tilkøyrt massar. Det er viktig at terrenget vert jamna ut og dekkja med eit topplag med jord etter uttak så inngrepet ikkje vert synleg i ettertid.

### Plassen ved Kalvatrebrua

- På synfaring 12. november 2021 kom det forslag om å lage ein stitrase som krev minst mogleg grindar og at beitedyr og turgåarar vert mest mogleg adskilt for å minska konflikatar. Dette krev nokre endringar i planlagt plass ved Kalvatrebrua




Figur 2: Målsett teikning av plassen ved Kalvatrebrua. Mørk skravur viser område for inngjerda samleke for storfe. Måla på plassen vert større enn skissert i prosjektplanen og er basert på eksisterande inngrep.



**Figur 3: Målsett teikning som viser plassering av grunder og gjerde på plassen ved Kalvatrebrua.**

Entreprenør må køyre for å hente ut grus som søkt om i løyvet gitt i styresak 24/21. Då vert den mellombelse driftsvegen etter hogsten ved Hattebergsfossen nytta. Når uttaket er ferdig skal vegen tilbakeførast.

## Fosseplassen



Figur 4: Utklipp frå prosjektplanen.

Fosseplassen skal tilpassast ønskje frå Baroniet og omsyn til landskapet rundt og utsyn frå Baronihagen. Det skal vere svært enkel tilrettelegging av plassen og nytte stein til oppmuring og benker og bord. For å hindre at tiltaket vert synleg på kanten er det tenkt å trekkje plassen tilbake. På synfaring var det restar av to bålplassar på elvekanten. Desse bør verte rydda vekk. Det er ikkje planlagt å lage til bålpass på rasteplassen. Om det vert mykje spor etter bålbrenning i terrenget på Fosseplassen bør ein vurdere å lage ein fast bålpass.





**Figur:** Bilde frå plassering av sitjeplass på Fosseplassen på eit naturleg forhøya punkt i terrenget trekt tilbake på fossen. Det vert jobba med å få til ei løysing som gjer at rullestolbrukarar kan komme fram til fossekanten utan at ein krev mykje sikringstiltak.

### **Infoplass under fossen**

På same måte som på Fosseplassen er det planlagt mindre grad av tilrettelegging på rasteplassen her enn i den opphavlege skissa. Her er tenkt uformelle sitjeplassar i stein, og eit dekke som vert laga av stadeigne massar. Tiltaket er difor skalert ned og forvaltar meiner det vil ta vare på verneverdiane på ein god måte.

### **Endring i sjølv traseen**

Det har vore nokon endringar i traseen etter endeleg oppmåling. Desse gjer at stien går betre i terrenget og vil føre til mindre skjæringar og oppmuring og vil gje betre landskapstilpassing. Det er også planlagt å la det gå eit gjerde langs eine sida av stien for å ha eit skilje mellom beitedyr og turgåarar. Dette vert sett på som veldig positive endringar frå opprinnelig søknad og vil gje eit godt resultat frå stien. Stukken sti og trasé er vist på skissane under.





Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	41/21	06.12.2021

## Søknad om tiltaksmidler 2022 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

### Innstilling frå forvaltar

Styret vedtar framlegg til søknad om tiltaksmiddel.

### Dokument i saka

- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2020-2025, Miljødirektoratet
- Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder – 2022

### Miljødirektoratet sine rammer for forvaltning av verneområde

Det overordna målet for tiltaksmidlane er at dei skal nyttast slik at naturtilstanden i verneområda vert oppretthalde eller betra. Tiltak som betrar tilstanden vert prioritert i tildeling av tiltaksmidler, jf retningslinjer frå miljødirektoratet «*Strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområder*».

Ved fordeling av midlar til skjøtsel og besøksforvaltning skal tiltaka som gjer størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidreg til å motvirke negativ påverknad prioriterast.

Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidler (sjå vedlegg):

#### «Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet
2. Løpende skjøtselstiltak

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen





3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk
5. Bruk av merkevaren i øvrige verneområder
6. Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)».

Og seier også: «Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene. For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.»

### **Rammer i besøksstrategien**

Tiltaka skal vere forankra i forvaltingsplan eller besøksstrategi for området. Folgefonna nasjonalpark har ikkje vedtatt sin besøksstrategi.

### **Rammer i forvaltningsplanen**

Forvaltningsplanen viser til oppfølgjande tiltak som forvaltningsstyresmakta skal følgje opp i planperioden. I forvaltningsplanen er det lagt vekt på tiltak som bør skje tidleg i forvaltingperioden, og det må difor vurderast om ein del av tiltaka i denne planen bør prioriterast.

### **Prioritering av tiltak**

Retningslinjene frå miljødirektoratet (sjå vedlegg) viser til at direkte trugsmål som til dømes spreiding av framande artar skal prioriterast, i tillegg til pågåande skjøtselstiltak og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging.

### **Tiltak vs. drift, planarbeid og informasjonstiltak**

Nasjonalparkstyret søker om midlar til si verksemd over to ulike postar i Statsbudsjettet. For behov for midlar til drift, planarbeid og informasjonstiltak så vert det laga ein eigen sak med framlegg til budsjett for neste år.



## Oversikt over tiltak 2021

Totalt var det søkt om 420 000 og det vart løyvd 380 000 til tiltak. Det er ikkje heilt klart kor mykje midlar som vert igjen i år, då vi framleis ventar på fakturaer for dei siste tiltaka.

Namn på tiltaket	Verneområde	Tildelt	Brukt
<b>Skilttavler på innfallsport Sommarskiseretret</b>	Folgefonna nasjonalpark	100 000	83 570
<b>Uttak av sitka i spreiring</b>	Hattebergsdalen landskapsvernområde	50 000	Ikkje gjennomført
<b>Uttak av mindre granfelt</b>	Bondhusdalen landskapsvernområde	100 000	Ikkje gjennomført
<b>Undervisningsopplegg Folgefonnsenteret</b>	Folgefonna nasjonalpark	0	Nytta driftsmidlar til å gjennomføre
<b>Oppsetting av skilt</b>	Folgefonna nasjonalpark	30 000	Ventar på at kart og brosjyre skal ferdigstillast
<b>Ferdselsteljarar</b>	Folgefonna nasjonalpark + LVO	3 stk	
<b>Tiltak som dukka opp i.l.a. 2021</b>			
<b>Vøling av Isvegen til Bondhusvatnet</b>	Bondhusdalen LVO	100 000	Venter på faktura
<b>Oppsetting av bru ved Buerbreen</b>	Folgefonna nasjonalpark	100 000	Venter på faktura
<b>Rydding av gran i Håedal</b>	Folgefonna nasjonalpark	?	Venter på faktura
<b>SUM</b>		<b>380 000</b>	

## Tiltak for 2022

- Nasjonalparkstyret har vedtatt å søkje om 50 000 til å legge om nedste delen av stien i Skrelet ved Reisetete som er ein del av Buførevegen over Folgefonna frå Reisetete til Botsvatn i Ullensvang kommune.
- Bondhus grunneigarlag har varsla at dei ikkje vert ferdige med vøling av vegen i år og at dei vil søkje om midlar til neste år.

Forvaltar har ikkje fått tid til å planlegge eller samordne fleire tiltak som er klare for gjennomføring i 2022.

Difor føreslår forvaltar å vidareføre dei prosjekta som er delvis gjennomførte i 2021 med naudsynt finansiering. Elles bør ein bruke 2022 på å:

- Skaffe grunneigaravtaler for å kunne drive hogst av framande bartre i verneområda
- Sikre framdrift i avtaler om å oppgradere og setje opp nye informasjonspunkt der det er behov for det (t.d. Møsevatnet, Sommarskiseretret). Samarbeid med kommunar, grunneigarar og andre aktuelle aktørar.
- Skaffe oversikt over kunnskapsgrunnlag for revidering forvaltningsplanen



## **Oversikt over status på tiltak skissert i forvaltingsplan og besøksstrategi**

Forvaltningsplanen frå 2011 peikte ut totalt 34 tiltak totalt som var naudsynte for å halde på verneverdiane og dempe konflikhtar mellom bruk og vern i verneområda. Desse er nærare skildra i vedlegget.

Av desse tiltaka er i dag 20 gjennomførte, 11 ikkje gjennomførte og 3 er forvaltar usikker på kva statusen er. Det er på tide å revidere forvaltningsplanen og det vil truleg vere andre tiltak som peiker seg ut som aktuelle i samband med denne prosessen.

Besøksstrategien frå 2020 skisserer også ein god del tiltak som skal sørgje for at vi når måla for besøksforvaltning i verneområda. Det var skissert totalt 31 tiltak, av desse er 15 gjennomførte, 9 er sett i gong og 7 er ikkje starta. Detaljane finn de i vedlegget.



Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 26.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	42/21	06.12.2021

## Søknad om midlar til drift av styret - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

### Innstilling frå forvaltar

Styret vedtek driftsbudsjett for 2022 og forvaltar sender budsjettforslaget til Miljødirektoratet. Styret vedtak plan for kartleggingar, forvaltingsplan og bevaringsmål og sender søknad til Miljødirektoratet.

### Saksopplysningar

Miljødirektoratet nyttar eit elektronisk søknadssenter til innmelding av behov for driftsmidlar, tiltaksmidlar og midlar til kartlegging og planarbeid for nasjonalparkstyra. Fristen for å melde inn er 10. januar 2021 og forvaltar melder inn på bakgrunn av budsjett og planar vedteke av nasjonalparkstyret.

### Driftsmiddel til verneområdestyre

Forslag til driftsbudsjett for 2022 er vist under. Utrekningane er basert på ein møteplan og Statens Personalhandbok sine satsar for godtgjersle for statleg oppnemnte utval.

### Driftsutgifter for utvala

Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre	57 867
--	--------

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyret	23 338
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyret	40 000
<b>Sum Folgefonna nasjonalparkstyret</b>	<b>121 205</b>
Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000
Møtekostnader rådgjevande utval	5 000
<b>Sum Rådgjevande utval</b>	<b>11 000</b>
Møtekostnader revidering av forvaltningsplan	30 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>162 205</b>

### Forvaltningsplan og bevaringsmål

Miljødirektoratet opplyser om at nye forvaltningsplanar skal utarbeidast i eit nettbasert system. Direktoratet ber også forvaltningsmynda om å etablere bevaringsmål for minst tre tiltak (t.d. framande artar, skjøtsel av naturtyper og liknande) i samråd med SNO. Målet med bevaringsmåla er å betre eller oppretthalde ein god naturtilstand.

### Utgifter i samband med forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtelsplanar

<b>Revidering av forvaltningsplan</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det er behov for å revidere forvaltningsplanen frå 2011. Dette arbeidet krev tett oppfølging og mykje tid til samhandling og kontakt med relevante aktørar. Vi søker om midler til å få dekkja ein heil stilling til i prosjektfasen.</li></ul>	1 000 000
<b>Kulturminnekartlegging</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Som vi ser av tiltaksplanen har det vore alt for lite fokus på oppfølging, forvaltning og kunnskapsinnhenting om kulturminna i verneområda våre. Dette krev at vi får kartlagt kulturminna og vurdert kva for tiltak som er naudsynte for å ta vare på dei. Ei slik kartlegging vil også vere eit viktig supplement til kunnskapsgrunnlaget for forvaltningsplanen.</li></ul>	100 000
<b>Kartlegging av stølar og stølsvollar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Det er 13 stølar i verneområda våre. Stølsvollane er viktige både som kulturminne og som kulturlandskap. Det er ikkje gjort kartlegging av statusen på stølsmiljøa i verneområda våre og det vil vere viktig for å kunne sikre verneverdiane vidare. Det er viktig å kartlegge tilstand på sela for å kunne utarbeide ein rettleiar for tradisjonell byggeskikk. Ein botanisk kartlegging av status og behov for skjøtsel av stølsvollane er også viktig.</li></ul>	200 000



<b>Kartlegging og sårbarhetsvurdering av kvartærgeologiske førekomstar</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Ein viktig del av verneføremålet for Folgefonna nasjonalpark er å ta vare på dei spora som breen etterlet seg i form av kvartærgeologiske førekomstar. Desse skal vi bevare for ettertida, vise fram til besøkande og bruke til å lære folk om korleis landskapet vårt vert forma av is og vatn. Morenar kan vere sårbare for auka besøk og det er behov for ein oversikt over kor det er sårbare landskap, så vi kan gjere avbøtande tiltak om det trengs. Det finst veldig masse forskning som er gjort på og rundt Folgefonna, men resultatane er ikkje lett tilgjengelege for forvaltninga. Det er ønskeleg å få samanstillt denne kunnskapen før revidering av forvaltningsplanen.</li></ul>	100 000
<b>SUM</b>	<b>1 400 000</b>

### Ferdselsteljarar

Miljødirektoratet har ein samla pott på ferdselsteljarar for alle verneområda i landet. Behov for ferdselsteljingar meldast inn og teljarar vert fordelt i landet etter behov til lokalt SNO. Forvaltar legg fram forslag om å søkje om teljarar til desse lokalitetane:

Kor	Skildring	Stk
<b>Bondhusdalen</b>	Det har vore eit høgt trykk av besøkande i Bondhusdalen i mange år, men det er grunn til å tru det er ein auke i teltande. Bondhusvatnet er drikkevasskjelde og det er no stor slitasje i området rundt vatnet. Treng teljarar ved vegskilje inn i dalen for å se kva område som blir mest nytta. Føreslår teljarar ved vegen til Bondhusvatnet, stiskiljet til Gardshamarvegen, og bru i enden av Bondhusvatnet. Det var gjennomført teljingar i 2021 som viste ei tredobling i besøk i ein sesong prega av pandemi og lite utanlandske besøkande. Det er stort behov for å vidareføre teljingane til 2022 for å sjå korleis besøket vil fordele seg når pandemi-restriksjonane vert oppheva.	3
<b>Hattebergsdalen</b>	Det er stort behov for teljingar i Hattebergsdalen i samband med turstien som byggast rundt Hattebergsfossen. Har søkt om teljar her i fleire år då det er mange besøkande og behov for å kartlegge kor mange som går i området i samband med prosjekt tursti rundt Hattebergsfossen.	2
<b>Botsvatn-Reisete</b>	Det er på tide å telje besøkande her på nytt, sidan det var usedvanlig høgt trykk på andre turar i Sørfjorden sommaren 2020 og 2021.	2
<b>Møsevatnet</b>	Stien inn til Svelgabreen er skilta og merka og mykje brukt etter kva vi kan sjå på sosiale medier og STRAVA-kart. Det er behov for ein teljar her for å sjå	1 (1 biltjeljar)



	<p>om besøkstala er på eit nivå som krev betre tilrettelegging og meir behov for sikringstiltak ved Svelgabreen.</p> <p>Vegen opp til Møsevatnet er drifta av SKL og det er mykje besøk her i sommarhalvåret. Veldig liten p-plass som treng plass til besøk, kommersiell aktivitet og oppsyn med kraftanlegget. Har behov for ein bilteljar her. Kan vere meir aktuelt at kommunen/SKL samarbeider om å overvåke besøkstrykk her.</p>	
--	--	--



Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 25.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	43/21	06.12.2021

## Planlegging av oppsyn frå Statens naturoppsyn for 2022 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre legg inn bestilling av tenester som vist under.

### Saksopplysningar

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar legg fram forslag til bestilling av tenester frå SNO for 2022 til drøfting i styremøtet. Forslaget er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret ila hausten 2021. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom innspela og drøfte prioriteringane under møtet.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2022. Dette gjennomfører sekretariatet på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen





Folgefonna  
nasjonalparkstyre

## Saksframlegg

2022			
Forvaltningmyndighet			
Folgefonna nasjonalparkstyre			
Verneområde/Tema	Prioritering	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring/planverk
<b>Verneområde/Tilrettelegging</b>			
Bondhusdalen LVO	1	Fjerne gamle stinett/klopper søre enden av Bondhusvatnet	Forvaltning
<b>Verneområde/Skjøtsel</b>			
<b>Verneområde/Bevaringsmål</b>			
Bondhusdalen LVO, Folgefonna NP		Bondhusdalen LVO opplevde ei tredobling i tal besøkande frå 2019 til 2021. Området har jamt over hatt mykje besøk i fleire tiår, men no er det hardt press på innfallspunktet. Det er behov for å kartlegge nærare korleis besøket påverkar verneverdiane i Bondhusdalen, difor er det behov for meir tilstadeverande i sesong i tillegg til teljarar for sesongen 2022.	Besøkslogg
Buer LVO, Folgefonna NP	1	Kartlegging av flora i Langgrøbotnen	Forvaltning
<b>Verneområde/Tilsyn og kontroll</b>			
Folgefonna NP	1	Bytte ut verneskilt der det ikke er fjellanker	Forvaltning
Folgefonna NP, Hattebergsdalen LVO, Ænesdalen LVO, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR	1	Følgje opp og kontrollere vedtak frå nasjonalparkstyret	Forvaltning

<b>Nasjonalpark</b>	Folgefonna Nasjonalpark
<b>Landskapsvernområde</b>	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
<b>Naturreservat</b>	Langebudalen

**Følge-  
nasjon**

Folgefonna NP	1	Kartlegge bygg og tekniske installasjonar. Sandvikedalen, Mosdal, Lonane, Hjortedalen	Forvaltni an
Folgefonna NP, Hattebergsdalen LVO, Ænesdalen LVO, Bondhusdalen LVO, Buer LVO, Langebudalen NR	2	Kartlegge stiar. Nokre stiar er feil merka inn på kart, bør gå med GPS for å legge dei riktig inn i kartet. Forvaltar kjem tilbake til nærare prioritering av desse.	Forvaltni an

**ST 44/21 Referatsaker**



natur

Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 24.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	45/21	06.12.2021

## Behov for auka kapasitet til forvaltning av verneområda til Folgefonna nasjonalparkstyre

På bakgrunn av behov for revidering av forvaltningsplanen, det daglege arbeidet med behandling av saker for styret, informasjonsarbeid, kontakt med ulike brukargrupper og skjøtselsarbeid, meiner nasjonalparkstyret det er trong for auka personalressursar til forvaltningsknutepunktet i Rosendal.

Ved oppretting av nye forvaltningsstyre for verneområde i Norge i 2011 vart det tilsett ein verneområdeforvaltar som er sekretær for Folgefonna nasjonalparkstyre. Grunna fødselspermisjonar og omsorgspermisjon har det ikkje vore 100 % dekt stilling sidan 2015.

Dei siste ti åra har besøkstrykk auka kraftig med tre til firedobling i tal besøkande på nokre stader. Styret opplever også at det er store endringar i kva krav og forventningar lokalsamfunn, kommunar og overordna styresmakter har til nasjonalparkstyret. Det er positivt at det har blitt fokus på å forvalte besøkande og besøksstrategien er eit fint verktøy for å sikre at verneverdiane toler besøkande. Området treng også god forvaltning og skjøtsel av naturverdiane og det er behov for eit større fokus på skjøtselskrevjande naturtypar for å hindre at desse vert forringa.

### Forvaltaransvaret

Det er viktig at nasjonalparkstyret og forvaltar kan ivareta det ansvaret og dei oppgåvene dei har i medhald av verneforskrift for dei einskilde områda. For grunneigarar, innbyggjarar i nærområda og andre interesserte kan det i dag vera krevjande å finna ut kva ansvar og rolle ulike aktørar har. Auka personalressurs vil vera med på å tydeleggjera og sikra den formelle forvaltninga av verneområda.

I mange andre store verneområde i Norge er det som regel to eller fleire i forvaltninga, t.d. Jotunheimen, Breheimen, Forollhogna, Dovrefjell, Jostedalbreen nasjonalpark.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



### **Besøksstrategi og tilrettelegging**

Folgefonna nasjonalpark er eit verneområde med eit stort og aukande besøk. Det er ei nasjonal målsetjing å ynskja velkomen inn i nasjonalparkane og dei store verneområda. Nasjonalparkstyret vedtok sin besøksstrategi i 2020 og er no i gong med å implementere måla og tiltaka som er sett i planen. Med den auka som er besøket til fleire stader er det viktig å sikre at forvaltning av besøk utanfor verneområdestyret sitt ansvarsområde også tek omsyn til problemstillingane som besøksstrategien skal belyse. Dette arbeidet krev mykje outreach og samle ulike partar saman for å finne løysingar som ligg utanfor nasjonalparkstyret si mynde.

God besøksforvaltning vil kunne gje auka lokal verdiskaping og sikre at verneverdiane vert tekne vare på. Vi ser at for å lukkast med dette så treng nasjonalparkstyret eit sekretariat som kan samle og arbeide tett med alle relevante aktørar for å sikre utvikling i riktig retning.

### **Sikre naturverdiane**

I Folgefonna nasjonalpark og dei fire landskapsvernområda rundt nasjonalparken er det stølsvollar, naturbeitemarker og haustingsskogar og andre skjøtselskrevjande naturtyper. Dei fleste av desse har vore utan skjøtsel i lang tid og treng Det er så vidt starta eit arbeid med å kartlegge og lage planar for korleis vi skal skjømte desse naturtypene for å sikre dei for framtida. Ein god forvaltning av kulturlandskapet i verneområda kan gje positive ringverknadar for lokal næringsutvikling. Mange av reiselivsverksemdene i området marknadsfører opplevingar i natur- og kulturlandskapet. Det er også eit stort arbeid å fjerne framande bartre i verneområda. Det er også eit behov for å kartlegge geologiske førekomstar.

### **Skjøtsel av kulturlandskap**

I Folgefonna nasjonalpark er eit av verneføremåla å ta vare på kulturlandskapet. Det er mange spor i områda etter tidlegare bruk, og i nokre av områda er det framleis aktiv landbruksdrift. Skjøtsel er ein føresetnad for å ta vare på kulturlandskapet. Det er utarbeidd skjøtselsplanar for mange av områda. For å få til godt skjøtselsarbeid, krev det god kontakt med grunneigarane og andre som utfører skjøtselsarbeidet.

### **Saksbehandling, møte og planprosessar**

Etter 10 år med lokal forvaltning av verneområda, har aktiviteten og saksmengda i verneområda våre auka. Det er også behov for å revidere forvaltningsplanen, ein prosess som vil krevje mykje av forvaltar for å sikre framgong og god medverknad frå lokalsamfunnet.

## **Behov for auka kapasitet i forvaltninga av Jostedalsbreen nasjonalpark**

Jostedalsbreen er eit av Sør-Norge sine større område av kvalifisert villmark, med store biologiske, geologiske og opplevingsmessige verdiar. I tillegg til det verna arealet er det om lag 45 innfallsportar av større eller mindre omfang, som skal ønskje folk velkommen til



området. Nasjonalparken har tre autoriserte nasjonalparksentre med 160 000 årlege besøkande. Friluftaktiviteten er aukande, og kravet om meir tilrettelegging er også aukande. Med betre og meir tilrettelegging får også den lokale næringsaktiviteten gode ringverknadar. Jostedalsbreen nasjonalpark er landets mest besøkte nasjonalpark med årleg meir enn ein halv million besøkande, med store attraksjonar som byggjer opp under Norge som ein internasjonal reisemålsdestinasjon.

Det er ei nasjonal målsetjing å ynskja velkomen inn i nasjonalparkane og dei store verneområda. For å få til ei god forvaltning der fleire kan besøka området samstundes som verneverdiane blir tatt vare på, skal det lagast ein besøksstrategi. Klima- og miljødepartementet har sett krav om ein ferdig utarbeidd besøksstrategi innan 2020. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er i gong med dette arbeidet. Etter sommarsesongen 2017 fekk om lag 20 000 besøkande fylt inn skjema som vi nyttar som kunnskapsgrunnlag i det vidare strategiarbeidet.

Då Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vart konstituert i 2011 var styret klår på at det var trong for to stillingar. No er det berre ein person som utgjer sekretariatet til nasjonalparkstyret. I andre store verneområde i Norge er det som regel to eller fleire i forvaltninga, t.d. Jotunheimen, Breheimen, Forollhogna, Dovrefjell, og mange fleire.

Området har oppgåver som treng auka kapasitet på forvaltningssida: forvaltningsplan, besøksstrategi, skjøtsel og fleire tiltak for friluftsliv og ferdsle kjem no i tillegg til den daglege forvaltninga av forskrift, oppfølging av styrevedtak, generell publikumskontakt, informasjon og sekretærfunksjon for styret. Særleg oppfølging og ein god prosess rundt forvaltningsplanen og besøksstrategien bør få meir personalkapasitet, då den er vesentleg for å kanalisere folk og for å auke lokal næring, slik Stortinget har ønska.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ber med dette om auka personalressursar til sekretariatet. Først då kan vi med rette seie «Velkommen inn».

Behov for ytterlegare ein forvaltar for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Då Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vart konstituert i 2011 ønska styret å tilsetje to nasjonalparkforvaltarar; ein i Nordfjord og ein i Sogn. Styret tek med dette opp tråden på nytt. Med dette vil vi forklare kvifor det er eit stort behov for ein nasjonalparkforvaltar til:

1. Forskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark er frå 1991, og fungerer ikkje godt nok for å ta vare på verneverdiane i nasjonalparken. Nasjonalparkstyret ønskjer å revidere forskrifta for å få den meir tilpassa dagens samfunn, noko som vil krevje tid og ressursar frå administrativt hald. Særleg har spørsmål knytt til droner aktualisert behovet for revidering.
2. Forvaltningsplanen til Jostedalsbreen nasjonalpark vart skrevet i 1994. I møte den 2. desember 2013 vedtok nasjonalparkstyret å revidere planen, og jamfør tidsplanen skulle den ha vore ferdig trykt og sendt ut i januar 2016. I snitt får forvaltar tid til å skrive planen tre veker kvar vinter, noko som gjer at planen ikkje kjem til å bli ferdig på fleire år, med dei administrative ressursane som er tilgjengeleg no. Utan ein forvaltningsplan er det meir tidkrevjande å handsame dispensasjonssaker.
3. Stortinget har vedteke at alle store verneområde skal ha ein ferdig besøksstrategi innan utgangen av 2020. Besøksstrategien skal være fundert mellom anna i ei brukarundersøking og ei sårbarheitsanalyse. Brukarundersøkinga er i gong feltsesongen 2017, og krev mykje



- oppfølging, mellom anna fordi det er så mange besøkande til nasjonalparken. Besøksstrategien skal være eit vedlegg i forvaltningsplanen, sjå elles punkt 2.
4. Jostedalsbreen nasjonalpark er landets mest besøkte nasjonalpark, med meir enn ein halv million menneskjer. Det er store avstandar, og tre ulike nasjonalparksentre (ca 150 000 besøkande). Med eit så stort «trøkk» så er det også mange oppgåver å følgje opp, og mange menneskjer å ha dialog med. Med så store reiselivsinteresser er det også store forventningar knytt til tilrettelegging og informasjon i innfallsportane til verneområdet.
  5. Jostedalsbreen nasjonalpark har hatt mange større saker dei siste åra, t.d. ny DNT-hytte på Sunndalssetra, sti og ny hytte på Skåla, saker knytt til stølsmiljøa, med meir. Det er og varsla nye, store saker som er krevjande på sakshandsamingsida.
  6. Det er mykje aktivitet nasjonalparken, og mange løyve å følgje opp. Med den noverande kapasiteten til forvaltninga, er det vanskeleg å følgje opp løyve i ettertid av styrevedtak. Dette kan føre til ei utholing av regelverket og respekten for vedtak. Også tiltak som blir oppdaga utan at tiltakshavar har søkt på førehand er tidkrevjande å følgje opp, og regelverk/veglearar her har vist seg å være mangelfulle.
  7. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har, gjennom mange år, vist stor gjennomføringsevne for tiltak i og i randsona til nasjonalparken. Av tiltaka som har storleik under eller over ein million kroner nemne Skålastien, Kamperhamrane, Oldeskaret, Lundeskaret, driftevegen i Erdalen, og mange andre større og mindre tiltak til glede for reiseliv og lokalbefolkning. Tiltaka har bevist seg å bidra til direkte auka verdiskaping for reiselivet, auka friluftaktivitet og meir stoltheit hos lokalbefolkninga. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre ønskjer å prioritere å bruke kapasitet på tiltak.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre observerer at andre store verneområde, som går på tvers av fylkesgrenser, har oftast to nasjonalparforvaltarar. Vi observerer også at andre pressa verneområdesekretariat andre stader i landet har fått auka ressursar knytt til kapasitet dei siste åra.

Alle prognoser for reiselivet i Norge peiker på ei stor auke i turisme i våre område med bre, fjord og fjell. For ei god forvaltning av Norges mest besøkte verneområde, med press på tilrettelegging, meir turisme og oppfølging av ansvar og regelverk, ber Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette Miljødirektoratet å prioritere oss i nye budsjettframlegg.

**RS 11/21 Rapport om droneflyging - Flyging med drone for tilsyn av sau  
- Vetle Laurdal , Andersfjell og Bjørndal - Folgefonna nasjonalpark -  
Folgefonna nasjonalparkstyre**

**ST 46/21 Delegerte saker**

**DS 25/21 Delegert vedtak - Utviding av løyve til gjennomføring av tiltak  
på Brufoss - Statkraft- Bondhusdalen landskapsvernområde**